



Atle D Utkilen ADU Ingeniør

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5472 - 14/17526

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

01.08.2014

## Dispensasjon frå reguleringsplan for Sundsbakken gbnr 195/10 Leiknes

Administrasjonen syner til søknad om dispensasjon i frå gjeldande reguleringsplan for naustområdet på Leknes, søknad motteke her 25.03.2014.

Det er søkt om dispensasjon i frå Plan- og bygningslova § 12-4 vedkomande rettsverknad av reguleringsplanen for Sundsbakken.

Vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon i frå reguleringsplanen for Sundsbakken. Dispensasjonen omfattar følgende:

1. Trekke nordre naustrekke 2,5 meter lengre inn, som synt på innsendte situasjonskart av dato 25.03.2014
2. Sprengje i bakkant som synt på innsendte situasjonskart av dato 25.03.2014, pluss etablering av gjerde som sikring. Støttemur utgår.

Vurdering:

Det er søkt om endra plassering av nordre naustrekke, og trekke denne 2,5 meter lengre inn. Dette vil medføre at naustrekka i nord går i flukt med naustrekka i sør. I tillegg er det søkt om dispensasjon i frå deler av friområdet i reguleringsplanen, for å gje plass til nordre naustrekke.

I dispensasjonsvurderinga skal det vektleggast at omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon i frå, ikkje må settes vesentleg til sides. Reguleringsplaner har vore gjennom ei omfattande vedtaksprosess, og for at planen sitt hovudføremål som overordna informasjon- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast skal det ikkje vere kurant å dispensere i frå denne.

Det er søkt om endra plassering av nordre naustrekke. Det er administrasjonens vurdering at omsøkte plassering ikkje er i konflikt med hovudmålet for planen som for den delen av planen er naustbebyggelse. Det vurderast samstundes som kun ei mindre endring da det er snakk om 2,5 meter lengre inn.

I bakkant av naustene ligg eit grøntområdet, sett av til friområde. Det er av ansvarleg søker opplyst at det under terrengarbeid vart sprengt vekk meir fjell enn planlagt for å sikre ei god avslutting mot fast fjell.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Administrasjonens vurdering er den at området, som i planen er sett av til friområdet er kupert og mindre egna til formålet som friområdet. Det er slik administrasjonen kan sjå ikkje naudsynt å bevare heile området som friområdet dersom dette er til hinder for eit meir funksjonelt naustområdet, som er hovudmålet til nedre del av reguleringsplanen for Sundsbakken.

Med dette som vurdering finn administrasjonen å kunne godkjenne søknad om dispensasjon i frå reguleringsplanen for Sundsbakken. Det vert gjeve dispensasjon for ny plassering av nordre naustrekke, og ei reduksjon av friområdet bak naustrekka. Innsendte situasjonskart av dato 25.03.2014 som synar endrinane vert med dette godkjent.

Gebyr:

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ

Skildring	Antall	Beløp
9.1.5 Dispensasjon i frå plan	1	8.500
SUM		8.500

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. Fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Knut Bjørnevoll  
for

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS  
Leknes Bgrygge AS v/Vidar Bernes

Kvassnesvegen 11 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Atle D Utkilen ADU Ingeniør

Atle Utkilen